

Skulehelsetenesta i Vindafjord kommune

Retningslinjer: Jamfør Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skulehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom (18.09.20).

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skulehelsetjenesten>

Forskrift om helsestasjons- og skulehelsetenesta. § 1. Formål:

Forskrifta skal bidra til å fremje psykisk og fysisk helse, fremje gode sosiale og miljømessige forhold, førebyggje sjukdom og skader, jamne ut sosiale helseskilnadar og førebyggje, avdekkje og avverge vald, overgrep og omsorgssvikt.

Målet for alt helsearbeid i skulen er at eleven skal:

1. Sjå på helse som eit positivt begrep.
2. Oppleve trivsel og tryggleik.
3. Ha eit positivt sjølvbilde.
4. Forstå at helse også er eige ansvar.
5. Oppleve at dei er ein ressurs for seg sjølv og andre.

Organisering: I Vindafjord kommune er det 9 barneskular der 3 er kombinert barne- og ungdomsskule. Helsesjukepleiar er tilgjengeleg med blant anna samtaletid og «drop in» tilbod. Kor mykje helsesjukepleiar er tilstade på kvar enkelt skule er bestemt ut frå Helsedirektoratet sitt forslag til bemanningsnorm. Ressursane er fordelt utifrå elevtal.

Det er eit tett samarbeid mellom helseleiar, avdelingsleiar/fagansvarleg, helsesjukepleierane i SHT og helsestasjonslegane. Alle elevar vert kalla inn til helsestasjonslege når dei tek til på skulen. På seinare klassesteg er det ikkje kontroll hos helsestasjonslege, men ein følgjer opp dei elevar som SHT/ føresette meiner har trong for oppfølgjande kontrollar.

Samarbeid: Me ynskjer og vektlegger eit godt samarbeid med føresette, og oppfordrar dei føresette til å ta kontakt om det er noko dei ynskjer å drøfte angående barnet sitt.

SHT har fokus på tverrfagleg samhandling. SHT samarbeider blant anna med fastlege, NAV, barnevern, politi, psykisk helseteneste (voksen), familieteam, PPT, skule/barnehage, jordmor, fysioterapeut, kreftsjukepleiar, spesialisthelsetenesta og tannhelsetenesta. Familieteamet er eit lavterskeltilbod som særleg skal styrke det førebyggjande psykososiale arbeidet og byggje opp tilbod til barn og unge med høgare risiko og deira føresette.

Helse og PPT har utarbeida ein rettleiar med rutine for samarbeid, kor målet er å jobbe som eit felles lag rundt barn og unge. SHT er med på faste PP-dagar ute i skulane.

Skulehelsetjenesta er delaktige i BTI arbeidet og med Stafettlogg.

https://www.vindafjord.kommune.no/_f/p14/i97ca59e1-fe7b-4c31-8221-4e55c750fe90/rutine-helse-og-ppt-er-eit-felles-lag-rundt-barn-og-unge-april-2021.pdf

SHT skal ha eit nært samarbeid med skulen. SHT bidrar i undervisning og i arbeid med tiltak som fremjar eit godt psykososialt miljø, samt leggjer forhold til rette for integrering av funksjonshemma elevar og elevar med framandspråkleg bakgrunn. Ved overgang frå barnehage – skule, barneskule – ungdomsskule, ungdomsskule – vidaregåande skule kan det

vera eit tverrfagleg møte mellom t.d PPT, barnevern, barnehage, skule og helsesjukepleiar for å sikra elevar med særskilde behov best moglege læringsforhold. SHT er med på tverrfagleg oppvekstteam på ungdomsskulane.

Vaksinering: Folkehelseinstituttet sitt anbefalte vaksinasjonsprogram vil bli fulgt opp gjennom grunnskulen. <https://www.fhi.no/sv/vaksine/barnevaksinasjonsprogrammet/>

Personalet i SHT har same teieplikt som anna helsepersonell.

Kommuneoverlege er medisinsk-fagleg rådgjevar for skulehelsetenesta i kommunen. Helsesjukepleiar er ansvarleg for den praktiske gjennomføringa av SHT. Dei som ikkje ynskjer å gjere seg nytte av tilbodet i SHT, kan nytta sin fastlege for konsultasjonar og vaksinering iht. Helsedirektoratet sine anbefalingar for SHT.

SKULEHELSETENESTEPLAN

1. trinn	<ul style="list-style-type: none">*Helsesamtale med helsesjukepleiar*Høgde/vekt.*Syn - målretta undersøking av syn bør gjerast på vide indikasjonar.*Hørsel- på indikasjon.*Legeundersøking av alle, event. vise vidare til spesialist/fysioterapeut.*Ryggsjekk.*Invitasjonsbrev om undersøking av kjønnslemlesting til aktuelle landsgr.*Informasjon på foreldremøte om hausten
2. trinn	<ul style="list-style-type: none">*Kikhoste/difteri/stivkrampe/polio vaksine*Obs enurese, samt syn/hørsel.
3. trinn	<ul style="list-style-type: none">*Vekt og høgde*Klasseundervisning om kropp og grenser, vold, overgrep
5. trinn	<ul style="list-style-type: none">*Klasseundervisning og jente / gutte gruppe om pubertet.*Invitasjonsbrev om undersøking av kjønnslemlesting til aktuelle landsgr.
6. trinn	<ul style="list-style-type: none">*MMR - vaksineveke haust
7. trinn	<ul style="list-style-type: none">*Humant papillomavirus - vaksine (HPV) x 2. vår og haust*Undervisning om psykisk helse og psykologisk førstehjelp, overgrep, vold etter avtale med skulen.
8. trinn	<ul style="list-style-type: none">*Helseopplysnings skjema til eleven*Helsesamtale*Høgde/vekt.*Målretta helseundersøking, ryggsjekk*Invitasjonsbrev om undersøking av kjønnslemlesting til aktuelle landsgr.*Informasjon på foreldremøte om hausten
9. trinn	<ul style="list-style-type: none">*Klasseundervisning om psykisk helse etter avtale med skulen.*Klasseundervisning og gruppesamtale om seksuell helse, prevensjon, SOI, samliv, og identitet.
10. trinn	<ul style="list-style-type: none">*Kikhoste/difteri/stivkrampe/polio vaksineveke haust*Fullføre vaksinasjon på dei som manglar andre vaksinar.*Ditt Val undervisning i lag med politi om våren*Avslutte journal for skulehelsetjeneste

For kontaktinformasjon og oversikt over SHT sitt tilbudet på dei ulike skulane – sjå kommunen si heimeside.

<https://www.vindafjord.kommune.no/helse-og-velferd/barn-ungdom-og-familie/skulehelsetenesta/>

Vindafjord skulehelseteneste

Rådhusplassen 1
5580 ØLEN
Tlf 53655560

Ølen 15.06.23

Terje Kleiven (sign.)
Kommuneoverlege

Hilde Sundal Bjerkreim (sign.)
Avdelingsleiar